

Universitets- og høgskulelova og ph.d.-graden

Innspel frå cand. jur. Olaug Husabø, seniorrådgivar ved UiT olaug.husabo@uit.no

Oppsummering – det er behov for opprydding

Doktorgradsutdanninga er den høgaste utdanninga norske universitet og høgskular tilbyr. Graden skal kvalifisera for forskingsverksemd av internasjonal standard og for anna arbeid i samfunnet der det vert stilt høge krav til vitskapleg innsikt og analytisk tenking.

Over 20 norske universitet og høgskular kan tilby graden doctor philosophiae (ph.d.). Dei hadde til saman over 9000 ph.d.-studentar¹ i 2016. Talet aukar for kvart år, og no kjem også eit nytt tilbod; doktorgrad i kunstnarisk utviklingsarbeid.

Doktorgraden er regulert av *lov om universiteter og høyskoler (uhl.)* og av kvar enkelt institusjon si ph.d.-forskrift². Det er behov for noko endringar på doktorgradsområdet. Det at lova skal vurderast er ein gyllen anledning til å få gjort noko med dette:

- Institusjonane må kunna leggja til grunn at dersom det ikkje er gjort unntak, så gjeld reglane om studentforhold – opptak, studiar, eksamen, klage m.v. – også for doktorgradar.
- Unntak må ikkje føra til usakleg forskjellsbehandling mellom studentgrupper.
- Dersom det skal vera unntak, må det stå i lova kva som eventuelt skal gjelda i staden.
- Eventuelle unntak må stå i lag med regelen det er unntak frå.
- Dersom det skal vera ulike reglar for vitskapleg og kunstnarisk doktorgrad må det gå fram.
- Det bør vurderast om det skal fastsetjast eiga forskrift om krav til doktorgrad.
- Ph.d.-studentane må inkluderast i studentsamskipnadane.

Bakgrunn – frå eksamensordning til studium

Det institusjonane bestemmer i si ph.d.-forskrift om opptak til ph.d.-studiet, om sjølve studiet og om vurdering av avhandling og disputas – eksamen – må det vera heimel for i lova. Verken lovgivar, departement eller universitet og høgskular har forstått dette godt nok. Eg vågar å påstå at det er fordi dei ikkje har tatt godt nok inn over seg at ph.d.-graden er ei utdanning og at utdanninga vert regulert av universitets- og høgskulelova.

Grunnen kan vera at doktorgraden fanst i ca. 150 år³ før det vart stilt krav til institusjonane om at dei skulle driva organisert doktorgradsopplæring. Det var berre prosessen frå levering

¹ Eg brukar uttrykka *doktorgradsstudent* og *ph.d.-student*. Ordet [kandidat](#), som vert brukt om ph.d.-studentar, betyr noko anna på norsk. Ordet er villeiande, og byggjer opp under ei førestilling om at lova ikkje gjeld for doktorgradsutdanninga.

² Forskriftene er bygde på [mal](#) vedtatt av Universitets- og høgskolerådet.

³ I følgje Nils Søvik si bok *Utviklinga av norske doktorgradsordningar* vart den første disputasen ved eit norsk universitet gjennomført ved Det Kongelig Fredriks Universitet, Oslo, i 1817.

til og med disputas som var regulert. Mange hadde doktorgradsstipend, men arbeidet med doktorgradsprosjektet var i stor grad overlatt til kvar enkelt som ønska å ta graden⁴. Dette vart endra med innføringa av «dei nye gradane» dr.art., dr.pilot., dr.scient. m.fl. på 1970-80-talet⁵. Departementet fastsette reglar, gradene var normerte, det vart fastsett reglar for opptak, rettleiar og opplæringsdel⁶. Kort sagt, det skulle vera eit studium.

Kva bør gjerast?

I gjeldande lovgiving har det vore sådd tvil om lova gjeld for doktorgradsstudiet. Som døme kan nemnast ei endring av § 4-8⁷ i 2009. Ordet *student* vart endra til *kandidat* fordi departementet hadde komme fram til at reglane om fusk nok galdt for ph.d.-studentar og, når dei tok kurs/emne i opplæringsdelen. (*Reaksjonen lokalt var: Kva?! Sjølv sagt gjeld § 4-8 for ph.d.-studentar – heile lova gjeld jo for ph.d.-studentar. Det er ikkje nødvendig med noko endring.*)

Det må med andre ord bli tydeleg i forarbeida at lova regulerer all utdanning ved universitet og høgskular, også doktorgradane. I tillegg må det vurderast kva unntak det er behov for. I samband med det, kjem det her nokre forslag til revidering av unntak gjort i gjeldande lov:

1. Regelen om annullering må gjelda også for doktoravhandlingar (§ 4-7 første ledd).

Merknad: I følgje forarbeida⁸ gjeld § 4-7 første ledd om annullering av eksamen ikkje for fusk på doktoravhandling. Men det er ikkje tatt inn nokon alternativ regel. Det må rettast opp. Doktoravhandlinga er eit stort og viktig arbeid, og samfunnet må kunna stola på at fusk har konsekvensar for avhandlinga.

Forslag: Regelen om annullering må utvidast til å gjelda også for fusk på doktoravhandling. Dette kan gjerast ved at det står ein merknad om det i forarbeida.

2. Kvifor skal ikkje stipendiatar kunna bli utestengde? (§ 4-8 tredje ledd, jf. første ledd).

Merknad: Ein student som har fuska, kan bli utestengd frå universitet og høgskular i Noreg i inntil eitt år. Men dette gjeld ikkje for ein stipendiat som er tilsett der han/ho har fuska (tredje ledd siste setning.). Ein master- eller bachelorstudent kan altså utestengast, ein ph.d.-student som ikkje er stipendiat ved den aktuelle institusjonen⁹ kan utestengast men ein som får lønn for å ta utdanning der han/ho har fuska kan ikkje utestengast.

Det er ingen sakleg grunn til at ein/ei som har lønn for å ta ei utdanning ikkje skal kunna utestengast, med dei konsekvensane utestenging har, medan andre studentar kan bli utestengde. Tvert imot talar tilsetjingsforholdet for at oppseiing burde vera ein reaksjon i tillegg til utestenging. Å fuska på eit emne ein har tilgang til som stipendiat/ph.d.-student, er alvorleg brot på eit tillitsforhold.

⁴ Eg var student ved UiB på midten av 70-talet. Der snakka eg med ein NAVF-stipendiat som lattermild fortalde at forskingsrådet hadde stilt som vilkår for å tildela stipendet at han hadde rettleiar. Det var tydeleg at han ikkje tok dette heilt på alvor.

⁵ Bakgrunnen for endringa var at det var relativt få stipendiatar som faktisk tok doktorgraden. Departementet ønska betre utnytting av stipenda.

⁶ ... en faglig, metodisk og teoretisk skoloring. (Frå § 10 i reglement for gradene cand.mag., cand.philol. og dr. art. fastsett av Kyrkje- og undervisningsdepartementet 29.10.1985.)

⁷ [Ot.prp. nr. 71 \(2008-2009\)](#) kap. 6.

⁸ [Ot.prp. nr. 71 \(2008-2009\)](#) side 22, pkt. 6.2 siste avsnitt

⁹ Ved UiT gjeld det ca. 25 % av ph.d.-studentane. I tillegg kjem at til ei kvar tid er 10 -15 % framleis studentar når tilsetjingsperioden har gått ut.

Forslag:

- Denne setninga bør slettast: *Slik adgang til utestenging gjelder ikke for stipendiater ansatt ved institusjonen doktorgraden avlegges ved.*
- Det bør vurderast om det skal stå i reglane om fusk at ein stipendiat som har handla slik som beskrive i § 4-7 første eller andre ledd kan seiast opp. I så fall må det gjerast klart om dette berre kan gjerast gjeldande for stipendiatar som er tilsette ved den aktuelle lærestaden eller om det også kan gjelda dei som ikkje har lærestaden som arbeidsgivar. Det må også vurderast om det skal gjelda for fusk på emne/kurs uavhengig av nivå, emne/kurs ein har tilgang til som ph.d.-student eller berre emne/kurs som skal vera med i graden.
- I følge forskrift om tilsetjingsvilkår¹⁰ er det eit vilkår for å ta til i stipendiatstilling at ein er tatt opp til doktorgradsprogram. Det bør vurderast om det også skal stå der at utestenging vil føra til suspensjon evt. er oppseiingsgrunn.

Sjå også merknad nedanfor til § 4-13 første ledd om tvungen avslutning av doktorgradsutdanninga.

3. Trengst ein regel om tvungen avslutning på grunn av fusk? (§ 4-13 første ledd)

Merknad: Føremålet med § 4-13¹¹, var å gi institusjonane heimel til å vedta tvungen avslutning. Forslaget kom opp etter at Sivilombudsmannen i hadde peika på at universitet og høgskular hadde uheimla reglar om tvungen avslutning i sine ph.d.-forskrifter¹².

Sidan det er vist til forskningsetikklova i første ledd, kan det nesten sjå ut som om det er ulike reglar for fusk på doktoravhandling og for fusk på andre prøvar ved universitetet. Men i følge forarbeida til forskningsetikklova¹³ skal krava til redelegheit vera dei same for forskarar – som jo ph.d.-studentar er – som for studentar.

Forslag:

- Dersom også ph.d.-studentar som er stipendiatar ved institusjonen det er fuska ved kan utestengast, jf. ovanfor, bør det vurderast om det er nødvendig å ha tvungen avslutning på grunn av fusk som alternativ i ny lov.
- I fall det skal vera ein regel om tvungen avslutning, kan regelen stå i § 4-8.

4. Tvungen avslutning som reaksjon på manglande oppfyljing av plikter (§ 4-13 andre ledd)

Merknad: Andre ledd opnar for tvungen avslutning av andre grunnar enn fusk.¹⁴ Sjå t.d. UiT si ph.d.-forskrift for døme på kva som kan gi grunnlag for tvungen avslutning. Klageinstans etter første ledd er departementet eller særskilt klageorgan, medan klageinstans etter andre ledd institusjonen si klagenemnd. Det er uheldig med ulik klageordning for same type sanksjon. Tvungen avslutning er ein svært alvorleg reaksjon på linje med utestenging. Difor bør klageordninga vera den same uavhengig av grunnen til avbrot.

¹⁰ [Forskrift om ansettelsesvilkår, vit. stillinger](#) § 1-3, åttande ledd.

¹¹ [Prop.59L](#) (2013-2014) side 28-29.

¹² Sivilombudsmannen si sak [2012/1158](#)

¹³ [Prop.158L](#) (2015/2016) side 35-36.

¹⁴ For døme på kva som kan gi grunnlag for tvungen avslutning, sjå ph.d.-forskrift ved UiT [§ 25](#) andre ledd.

Forslag: Sjå oppsummering nedanfor.

5. Både – og, eller enten – eller? (§ 4-13 tredje ledd.)

Merknad: Annullering og tvungen avslutning er sett opp som alternative reaksjonar når ein ph.d.-student fuskar. Dette må vera ein glipp. Det må vera meininga at det skal stå «og», ikkje «eller». For dersom forholdet er så alvorleg at det er aktuelt med annullering, er det også grunnlag for tvungen avslutning, sjå § 4-7 første ledd og § 4-8 tredje ledd. Det trengst forresten ikkje noko særleg regel om annullering - § 4-7 er dekkande.

Det er også uklårt når det står at regelen gjeld for fusk på eksamen eller prøvar *underveis i doktorgradsutdanningen ...* - altså fusk på emne som skal vera med i graden. Kva om den som fuskar er stipendiat ved institusjonen, og emnet ikkje skal vera med i graden? Ikkje kan vedkommande utestengast (jf. § 4-8 tredje ledd) og ikkje kan institusjonen vedta tvungen avslutning. Det er ingen sakleg grunn til avgrensinga – fusk på emne utanfor graden er like alvorleg som fusk på emne som skal vera med i graden.

Forslag:

- Det som står om annullering er dekket i § 4-7 og kan slettast. Det som står om tvungen avslutning kan takast inn i § 4-8.
- Orda *underveis i doktorgradsutdanningen* må slettast.

6. Doktorgradskandidatar kan også klaga på sensuren (§ 4-13 fjerde ledd)

Merknad: *Ved klage over ikke godkjent doktorgradsavhandling skal klage behandles av institusjonens klagenemnd.* Dette er eit unntak frå § 5-3 fjerde ledd om klage over karakterfastsetjing og burde stå der.

At uttrykket ... *ikke godkjent doktoravhandling ...* er brukt, illustrerer behovet for opprydding, for i følge § 3-9 sjette ledd er det berre A-F og bestått/ikkje bestått som er gyldige vurderingsuttrykk (karakterar). Per i dag brukar institusjonane karakterane bestått/ikkje bestått på doktoravhandlingar, men det kan jo bli endra, så det korrekte ville vera å bruka same formulering som i den generelle regelen.

Forslag: Regelen bør stå i lag med hovudregelen, § 5-3 *Klage over karakterfastsetting*, og få slik ordlyd: *Klage over karakteren på doktorgradsavhandling skal behandles av institusjonens klagenemnd.*

7. Her fekk institusjonane meir fullmakt enn det var behov for (§ 4-13 femte ledd).

Merknad: Paragrafen er frå 2014, og institusjonane får generell fullmakt til å vedta forskrift for doktorgradsutdanninga. Dette er endå eit døme på at det vert sådd tvil ved om lova eigentleg gjeld for doktorgraden. For institusjonane hadde jo hatt fullmakt til å vedta forskrift om ph.d.-graden frå 90-talet, og hadde gjort det. Som døme kan nemnast at Universitetet i Oslo har vedtatt si forskrift med heimel i §§ 3-3, 3-9 og 4-13¹⁵.

Forslag: Sjå oppsummering nedanfor.

8. Oppsummering – forslag til endra § 4-13

¹⁵ [UiO si ph.d.-forskrift](#),

Dersom tvungen avslutning på grunn av fusk skal vera eit alternativ også i ny lov, kan første og tredje ledd innarbeidast i § 4-8. Fjerde ledd må stå i lag med § 5-3.

Andre og femte ledd, forslag til ny ordlyd:

§ 4-13. Graden *philosophiae doctor* – manglende oppfylling av forpliktelser

(1) *Institusjonen kan vedta tvungen avslutning av doktorgradsutdanningen når en kandidat i vesentlig grad ikke oppfyller sine forpliktelser etter avtalen. Departementet eller særskilt klageorgan oppnevnt av dette, jf. § 5-1 syvende ledd, er klageinstans.*

(2) *Styret kan fastsette utfyllende regler.*

9. Trengst det ei forskrift for graden ph.d.?

Det einaste som er fastsett nasjonalt utanom lova om den formelle reguleringa av ph.d.-graden, er at studiet er på tre år¹⁶. Alt anna, som opptakskrav, krav til avhandling og opplæringsdel er det overlate til kvar enkelt institusjon å regulera i si forskrift.

Det bør vurderast om det er behov for ei nasjonal forskrift om graden som tilsvarar [forskrift om mastergrad](#).

10. Doktorgradsstudentane og studentsamskipnaden

Doktorgradsstudentar er studentar, jf. ovanfor og kvalifikasjonsrammeverket¹⁷. Lov om studentsamskipnadar¹⁸ gjeld for ... *studentsamskipnader, studenter og institusjoner som omfattes av universitets- og høyskoleloven...* (§ 1). Likevel er ikkje doktorgradsstudentane inkluderte i samskipnaden. Etter det eg forstår, har det med det forholdet at ph.d.-studentar har lønn under utdanning. Men her er det viktig å skilja mellom rettar som tilsett og rettar som student. Dette kan vera lettare å sjå gjennom det forholdet at mange ph.d.-studentar har ein annan arbeidsgivar enn lærestaden dei er student ved¹⁹. Kort sagt: arbeidsgivar har ansvar for arbeidsmiljøet, lærestaden har ansvar for læringsmiljøet. At det i mange tilfelle er same institusjon, endrar ikkje på den realiteten.

Tromsø, 8.10.2018, OH

¹⁶ Forskrift om grader og yrkesutdanning, beskyttet tittel og normert studietid ved universiteter og høyskoler ([gradsforskrifta](#)) kapittel 2.

¹⁷ [Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning](#)

¹⁸ [Lov om studentsamskipnadar](#)

¹⁹ Jf. fotnote 9 om tala ved UiT.